

På lag med
framtida.

Askvoll Venstre



VENSTRE

Med Askvoll Venstre inn i framtida.



Venstre vil gje fridom til den enkelte, samtidig som vi skal ta vare på fellesskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre for å skape eit godt samfunn.

Ein god plass å vekse opp.

Born og unge er viktige når det gjeld framtida og busetnad. Som kommune må vi bidra til at desse får tilført verdiar og haldningar som dei vil dra nytte av framover. Dette gjer vi best ved å sjå born og unge som enkeltindivid, syte for individuell tilpassa opplæring og at tilsette i skule og barnehage får naudsynt fagleg utvikling. Skulane må ha oppdatert og nok skulemateriell. Barnehagane må ha ei tilpassa bemanning i heile opningstida, og ved behov for vikar skal dette følgjast.

Vi vil ha:

- ✓ Full barnehagedekning
- ✓ Tilpassa opningstider i barnehagane
- ✓ Desentralisert skulestruktur
- ✓ Individuell tilpassa opplæring
- ✓ Vedlikehald av skular/barnehagar

Psykisk helse

Samfunnet utviklar seg til å bli meir krevjande. Venstre vil styrke den psykiske helsa gjennom ei heilskapleg satsing på eit kunnskapsløft som startar i barnehagen, og vidare følgjer alle ledd gjennom oppvekst og inn i voksenlivet. Vi vil òg gjere det lettare å vere open om det å vere ulike, og å styrke innsatsen av barnefattigdom.

Vi vil:

- ✓ Jobbe for at skulane har ressursar og kompetanse til å gje elevane kunnskap om dei store samfunnsutfordringane, som klimakrisa, miljøøydeleggingar, mobbing, psykisk og fysisk helse, rasisme og utanforskap
- ✓ Satse på tidleg innsats og sikring av nok spesialpedagogiske ressursar, både i barnehage og skule, for born som treng det

Samferdsle og miljø

Venstre veit at gode kommunikasjonar og trygge vegar er viktig for innbyggjarane. Då er det naturleg at vi fokuserer på å betre tilbodet til Værlandet og Bulandet med fleire ferjeavgangar og kortare reisetid, noko som Atløysambandet legg til grunn for. Venstre skal fortsetje kampen for rassikring ved Hundsåna.

- ✓ Atløysambandet skal realiserast no
- ✓ Rassikre FV 609 v/ Hundsåna snarast
- ✓ Betre kommunal vegstandard
- ✓ Fiber til heile kommunen
- ✓ Jobbe for meir og betre tilpassa kollektivtransport
- ✓ Gradvise opprusting av FV 609 Ringstad – Hestvik
- ✓ Ladestasjonar for elbil ved offentlege arbeidsplassar, og andre aktuelle stadar
- ✓ Overgang til elbil i kommunal drift

- ✓ Ha fokus på miljø i alle nye byggeprosjekt
- ✓ Fleire gang- og sykkelvegar

Næring og utvikling

Askvoll skal vere ein JA-kommune. Vi vil legge til rette for at både nye og eksisterande bedrifter får moglegheiter til etablering og utvikling. Vi vil støtte opp om gruvedrift utan fjorddeponi.

- ✓ Halde fram med å legge til rette for gründeren
- ✓ Vidareføre ordninga med at deler av eigedomsskatten går til næring og utvikling
- ✓ Rask saksgang frå kommunen
- ✓ Ha tett og god dialog med Askvoll næringsutvikling (ANU)
- ✓ Støtte opp om eksistens av arbeidsplassar rundt Førdefjorden
- ✓ Attraktive bustadomter der folk vil busetje seg
- ✓ Fiskeri, havbruk og landbruk i Askvoll er viktige for Venstre



”Omsorg når du treng det.



Omsorg når du treng det

Vi skal gje god omsorg til dei som treng det - når dei treng det. Vi skal gje rett hjelp til rett tid, og styrke folkehelse og meistring. Tryggheita til innbyggjarane våre må vi ta på alvor. Vi skal ha ei tilpassa og optimal løysing når det gjeld ambulansetransport. Eldre skal ha innverknad på eigen kvardag og på innhaldet i tenestene dei får frå kommunen.

Venstre vil prioritere førebyggjande tiltak slik at eldre skal få behalde ei god helse og få moglegheit til å bu heime lenger. Det skal vere nok sjukeheimspllassar av høg kvalitet, slik at ingen må vente på plass eller ende opp med eit uverdig tilbod. For Venstre er det viktig at bebruarar får nylaga varm mat og at det i Askvoll vert kok/server og ikkje lenger kok/kjøl.

Vi vil:

- ✓ Styrke folkehelsearbeidet
- ✓ Styrke satsinga på heimebasert omsorg og omsorgsbustader
- ✓ ha helse- og omsorgstenester med høg kvalitet
- ✓ Sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike helsetilboda i stat og kommune
- ✓ Satse på velferdsteknologi for eit godt og trygt omsorgstilbod
- ✓ Sikre at brukarar og pårørande får medverknad og individuell tilpassing
- ✓ Betre rekruttering til helse- og omsorgssyrket
- ✓ Satse på lågterskeltilbod for god folkehelse gjennom heile livet
- ✓ Gjennomføre bygging av planlagde nye omsorgsbustadar og nytt aktivitetssenter
- ✓ At tilsette skal få naudsynt fagleg utvikling



„ Kulturskuletilbodet er viktig for born og unge i heile kommunen.

Line Rotihaug

10. kandidat for Askvoll Venstre



„ Førdefjorden skal ikkje brukast til dumping av forureina gruvemasser. Rein fjord for viktige næringer.

Arnt Henning Blom

7. kandidat for Askvoll Venstre



„ Det er viktig med utlån av godt og variert fritidsutstyr som er lett tilgjengeleg,

Birgitta Solhaug Mjåseth

6. kandidat for Askvoll Venstre



„ Eit mål for Askvoll Venstre er at skulane har både oppdatert og nok skulemateriell.

Åshild Hestvik Grytten

8. kandidat for Askvoll Venstre



Gunnar Osland

Ordførarkandidat

Skal Askvoll vere ein god og trygg plass å leve i framtida, må vi heile tida ha høgt fokus på skulen og eldreomsorga.

Venstre brenn for å ta Askvoll vidare inn i framtida - som ein framtidsretta kommune som er i stand til å ta vare på både born, unge og eldre.

Venstre sine kandidatar til kommunevalet 2019 er klare til å gjere Askvoll til ein endå betre kommune å bu i. Ein kommune som gjev omsorg og legehjelp når det trengs er ein god stad å

vekse opp på, og å flytte attende til. Det same gjeld ein kommune som legg til rette for nyskaping, nye arbeidsplassar og grøn vekst.

Primærnæringane jordbruk og fiskeri samt havbruk, må ha høve til omstilling og utvikling. Desse næringane utgjer bærebjelken i verdiskapinga vår.

Saman skal vi ta Askvoll kommune inn i framtida. Røyst Venstre ved kommunevalet i Askvoll 2019.



Gunhild Berge Stang

Fylkesordførarkandidat

Vestland Venstre vil ha eit grønt nyskapande Vestland. Vi må ta klimagassutslepp, tap av naturmangfold og plastforsøpling på alvor. Næringslivet i Vestland skal vere i front på grøn innovasjon og utvikling av fornybar energi. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030.

Vi skal skape ein skule for framtida. Vi vil jobbe for fritt skuleval og kvalitet i den vidaregåande skulen i den nye fylkeskommunen.

Vestland skal ha betre kollektivtilbod og trygge vegar. Det nye Vestland må bindast saman gjennom auka satsing på infrastruktur. Gode og trygge vegar, kollektivtilbod og breiband er avgjeraende for busetnad, miljø og næringsliv.

Stem på Vestland Venstre ved fylkestingvalet!

Vestland Venstre sine kandidatar

- 1. Gunhild Berge Stang**, Fjaler
- 2. Geir Kjell Andersland**, Bergen
- 3. Agnes Hoshovde Bernes**, Alver
- 4. Alfred Børlo**, Stad
- 5. Tom Hiis Bergh**, Bergen
- 6. Elizabeth Toft Erichsen**, Øygarden
- 7. Astrid Hårstad Knutsen**, Bergen
- 8. Jan Henrik Nygård**, Kinn
- 9. Åsta Årøen**, Bergen
- 10. Torstein Tvinnereim**, Stryn
- 11. Ragnhild Handeland**, Kvinnherad
- 12. Jon Ove Lomheim**, Luster
- 13. Margunn Østrem**, Voss
- 14. Daniel Gangeskar**, Kinn
- 15. Ingrid N. Fjeldstad**,
Bergen
- 16. Vegard Løknes**, Bergen
- 17. Maria Knagenhjelm**, Sogndal
- 18. Astrid Dale**, Bjørnafjorden
- 19. Njål Eliasson**, Kinn
- 20. Grete Line Simonsen**, Bergen
- 21. Bjørn Tore Sund**, Osterøy
- 22. Terje Horvei**, Aurland
- 23. Marit Gjerstad**, Bergen
- 24. Rolf Nesheim**, Alver
- 25. Else Mundal**, Sogndal
- 26. Anton Engen**, Bergen
- 27. Marius Hellan Hindenes**, Alver
- 28. Judith Kapstad**, Sunnfjord
- 29. Galo Austegard**, Bergen
- 30. Kari Østervold Toft**, Øygarden
- 31. Kjersti Brevik Møller**,
Bergen
- 32. Ronny Knutsen**, Askøy
- 33. Bjørn Arne Mjåseth**, Askvoll

Venstre sine kandidatar i Askvoll.



1. Gunnar Osland

frå Kvammen, og har vore varaordførar i Askvoll sidan 2015. Aktiv politikar sidan 1995. Brenn for rettferd og likebehandling av alle, unge som eldre, nye arbeidsplassar og reint miljø.



2. Linda Ness Rotihaug

frå Askvoll. Jobbar som konsulent og tillitsvald i Askvoll kommune, og er fylkessekretær i Venstre.



3. Bjørn Arne Mjåseth

frå Atløy, jobbar offshore som tilkomstteknikker og er tillitsvald. Har vore aktiv i politikken i Askvoll sidan 2003, 12 år i formannskapet.



4. Anne Marie Sve Mandelid

Bur i Kvammen. Jobbar i Helse Førde og Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt som helsepersonell.



5. Erlend Yndestad

frå Stongfjorden.. Utdanna vernepleiar og jobbar som avdelingsleiar i Hyllestad.

6. Birgitta Solhaug Mjåseth

Atløy

7. Arnt Henning Blom Værlandet

8. Åshild Hestvik Grytten

Kvammen

9. Jostein Grane Atløy

10. Line Rotihaug Askvoll

11. Norvald Gjervik Atløy

12. Sæunn Klara Breidfjörd

Stongfjorden

13. Gro Eikebø Stang

Stongfjorden

14. Thomas Lervåg Atløy

15. Grete Herland Atløy

16. Malvin Grepstad Værlandet

17. Renate Berg Kvammen

18. Ove Nesberg Askvoll

19. Lilliann Gjervik Atløy

20. Oddmund Storesund

Bulandet

21. Halldis Rørvik Kvammen

22. Frode Mehlum Askevold

Askvoll

23. Veronika Heggøy Rydningen

Atløy

24. John Ivar Askevold Atløy

25. Kåre Leknes Kvammen

26. Sigbjørn Rørvik Askvoll

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

venstre.no/askvoll



VENSTRE